



Hydrogensulfid i Kyllaren i Askvoll

Vurdering av årsaker og tiltak

NIVA - RAPPORT

Norsk institutt for vannforskning  NIVA

Prosjektnr.:	Undemnr.:
O-94035	
Løpenr.:	Begr. distrib.:
3035	

Hovedkontor	Sørlandseavdelingen	Østlandseavdelingen	Vestlandseavdelingen	Akvaplan-NIVA A/S
Postboks 173, Kjelsås 0411 Oslo	Televeien 1 4890 Grimstad	Rute 866 2312 Ottestad	Thormøhlensgt 55 5008 Bergen	Søndre Tollbugate 3 9000 Tromsø
Teléfono (47) 22 18 51 00	Teléfono (47) 37 04 30 33	Teléfono (47) 62 57 64 00	Teléfono (47) 55 32 56 40	Teléfono (47) 77 68 52 80
Telex (47) 22 18 52 00	Telex (47) 37 04 45 13	Telex (47) 62 57 66 53	Telex (47) 55 32 88 33	Telex (47) 77 68 05 09

Rapportens tittel:	Dato:	Trykket:
Hydrogensulfid i Kyllaren i Askvoll Vurdering av årsaker og tiltak	Mars 94	NIVA 1994
	Faggruppe:	
	Marin Eutrofi	
Forfatter(e):	Geografisk område:	
Lars G. Golmen	Sogn og Fjordane	
	Antall sider:	Opplag:
	25	1ste

Oppdragsgiver:	Oppdragsg. ref.:
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 5840 Hermansverk	A. Klyve

Ekstrakt:
Den vesle terskelfjorden Kyllaren i Askvoll kommune har svært høy konsentrasjon av hydrogensulfid i djupvatnet. Vinteren 1993/1994 har det vore flere perioder med plagsomt sterkt lukt. Dette skuldast sannsynligvis en kombinasjon av svakt sprangsjikt og innstrøyming av tyngre vann over terskelen som har løfta djupvatnet. Innstrøyminga kan ha blitt stimulert av ny kulvert gjennom vegfyllinga på terskelen. Rapporten foreslår ulike tiltak for å forbetre tilhøva, men først etter ei periode med detaljerte miljøregistreringar og tekniske berekningar.


4 emneord, norske

1. Kyllaren
2. Hydrogensulfid
3. Tidevannsdemping
4. Terskel

4 emneord, engelske

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.

Prosjektleider



Lars G. Golmen

For administrasjonen



Torgeir Bakke

ISBN-82-577-2493-9

NIVA-prosjekt O-94035

Hydrogensulfid i Kyllaren

i

Askvoll

Vurdering av årsaker og tiltak

NIVA, Bergen, 20. mars 1994

**Lars G. Golmen
prosj. leiar**

FORORD

Brakkvassresipienten Kyllaren i Askvoll har därleg utskifting. Som følgje av dette oppstod det plager med lukt av gass (hydrogensulfid) i desember 1993. Denne lukta er markant (som rotne egg), og er til sjenanse.

Fylkesmannens Miljøvernnavdeling i Sogn og Fjordane var involvert i arbeidet med vern av våtmarksområde i Kyllaren. Den därlege vassutskiftinga og gassplagene blei sett på som eit trugsmål mot lokaliteten. NIVA blei derfor kontakta i januar 1994, med forespurnad om å vurdere tilhøva, samt å foreslå tiltak for å forbetre tilstanden.

9. februar 1994 blei det gjennomført synfaring og prøvetaking. Resultat frå denne, saman med data innsamla tidlegare av jakt og fiskelaget v/Roald Nordeide, dannar grunnlaget for denne rapporten.

Forskar Jarle Molvær frå NIVA og Svein Østerhus ved UiB las gjennom rapportutkastet og ga kommentarar. Fiskerikonsulent i Askvoll, Eivind Aarset, bistod under synfaringa, og framstakka eksisterande data. Førstekonsulent Arild Klyve var Miljøvernnavdelingas kontaktperson. Klyve deltok også på synfaringa. Inger Midttun hos NIVA redigerte sluttrapporten.

NIVA, Bergen 20/3 1994


Lars G. Golmen

NOKRE FAGLEGE ORD OG UTTRYKK SOM BLIR BRUKT I RAPPORTEN.

Uttrykka kan ha ei anna og vidare tyding i andre samanhengar enn slik dei er nytta i denne rapporten.

Adveksjon: Transport eller forflytning av vatn som strømmen forårsakar.

Brakkvatn: Vanlegvis definert som fjordvatn med lavare salinitet enn 25. Men nemninga blir ofte nytta i ein vidare forstand om vatn i øvre lag av fjordar som er betydeleg påverka av lokale ferskvasskjelder.

Eutrofiering: Prosess med næringssaltilførsel og "overgjødsling" i sjøvatn, og som fører til ekstra stort oksygenforbruk i vannmassen, gjerne også unormal stor algevekst.

Densitet: Nemning for sjøvatnets egenvekt, som avheng av temperatur og salinitet, samt trykk. Oppgis ofte i sigma-t einingar, som er egenvekta i kg/m^3 minus 1000.

Hydrografi: Vanligvis brukt som nemning på (læra om) sjøvatnets fysiske/kjemiske tilstand, d.v.s. om dets eigenskapar og tilstand når det gjeld salinitet og temperatur, samt oksygeninnhald.

Kalibrere: Omgrep som betegnar ein systematisk prosess for å korrigere måleinstrument eller måledata for feil.

Salinitet: Nemning på total mengde av løyste salt i sjøvatn, målt i kg salt pr kg sjøvatn. Merk at næringssalt inngår som del av dei løyste salta, men desse bidrar berre med ein forsvinnande liten del i forhold til andre dominerande salt som f. eks. NaCl. Salinitet blir bestemt ut frå sjøvatnets elektriske leidningsevne (konduktivitet). Oppgis utan nemning, eller med faktoren 10^{-3} ("promille" ppt).

Sediment: Nemning på lausmasser på hav- og fjordbotn. Aktuell sammensetning og konsistens er bestemt bl. a. av topografiske forhold, strømforhold og avstand til partikkkelkjelder.

Sprangsjikt: Nemning på overgangen mellom eit brakkvasslag øvst i fjorden, og saltare vatn under. Overgangen kan vere svært markert (tynt sprangsjikt) eller strekke seg over fleire djupnemeter.

KONKLUSJON

Kyllaren er ein liten terskelfjord i Askvoll kommune, Sogn og Fjordane. Største djup er 30 m. Terskelen som er 3 km lang og berre ca 1 m djup, medfører kraftig tidevassdemping og sterkt hemma vassutskifting, med daudt og rote djupvatn i Kyllaren som følgje. På terskelen er det lagt ei vegfylling som nok hemmar utskiftinga ytterlegare.

Kyllaren og terskelområdet (Leira og Askvika) er nyleg freda som våtmark. Kulvert gjennom vegfyllinga blei lagt i 1993 for å stoppe den trugande tilslamminga av Leira.

Vinteren 1993/1994 oppstod det store luktplager ved Kyllaren. Dette skuldast hydrogensulfid (H_2S) gass som har akkumulert i djupvatnet over lang tid. Målingar av konsentrasjonen syner verdiar over 120 mg/l H_2S .

Hydrografiske målingar gjennom isen i Kyllaren i februar 1994 synte djupvatn med salinitet rundt 25 ppt og temperatur lik 8.6°C. Målingar i 1993 synte tilsvarende temperatur, men 3-5 ppt lågare salinitet. I øvre lag var saliniteten i februar 1994 ca 15 ppt. Sjiktet med overgang til H_2S låg i 1993 på 6-7 m djup, men steig til nær overflata ved årsskiftet 1993/1994, med påfølgjande luktplager som resultat.

Det vert konkludert med at luktplagene kan ha samanheng med forutgåande innstrøyming av salt og tungt vatn, kombinert med ugunstige vertilhøve med lite nedbør og sterke kulde som har forårsaka vertikalblanding i øvre lag av vassøyla. Sjølv om dei klimatiske tilhøva var spesielle hausten 1993 og den påfølgjande vinteren, er det likevel sannsynleg at luktplager vil oppstå også i åra framover, dersom mottiltak ikkje vert sett i verk.

Tidvis innstrøyming av saltare vatn over terskelen fekk sannsynlegvis gunstigare vilkår etter at ny og djupare kulvert vart lagt gjennom fyllinga våren 1993. Dei auka sjøvassmengdene som når fram til Kyllaren er sannsynlegvis framleis så små (ikkje målt) at dei i alle fall på kort sikt neppe bidrar til betre vasskvalitet. I staden kan det bli danna nye sjikt av ekstra tungt vatn ved botn, som vanskeleg lar seg blande vertikalt.

Det er foreslått ei enkel innretning for å oppretthalde brakkvassutstrøyminga, men redusere eller regulere innstrøyminga av tungt sjøvatn (sjølvregulerande klaffeanordning) gjennom kulverten. På den måten vil ein framleis kunne redusere tilslamminga i Leira, og samstundes forbetre djupvasskvaliteten i Kyllaren.

Fleire løysingar for å auke vertikalblandinga inne i Kyllaren er vurdert som nyttige og realistisk gjennomførbare. Det er tale om effektbehov av storleiksordenen 100 W. Men det vert tilrådd å vente med tiltak for å finne ut om sjiktionsforholda i Kyllaren er i ferd med å innta ein ny tilstand muligens med kraftigare sjikting som følgje av at kulverten blei lagt.

Det bør foretakast hydrografiske målingar også i 1994. Desse bør kombinerast med måling av vannstand og faktisk inn/utstrømming over terskelen. Biologisk skadeomfang som følgje av forgiftinga i vassøyla vinteren 1993/1994 bør kartleggast.

INNHOLD

KONKLUSJON	3
1. FORMÅL MED RAPPORTEN	5
2. BAKGRUNN	5
2.1. Foreliggende gransking	8
2.2. Geografi og topografi	8
2.3. Eksisterande data	10
3. MILJØTILSTANDEN I KYLLAREN	11
3.1. Hydrografi og vasskvalitet	11
3.2. Sirkulasjon	15
3.2.1. Tidevavn	16
4. VURDERING AV UTVIKLING OG TILTAK	17
4.1. Aktuelle metoder	18
4.2. Val av metode	20
5. OPPFØLGJING	21
REFERANSAR:	23

VEDLEGG

1. FORMÅL MED RAPPORTEN

Brakkvassforekomsten Kyllaren i Askvoll har dårleg vassutskifting, og tilhøyrande problem med akkumulering av hydrogensulfid (H_2S) gass i djupvatnet og tidvis luktplager av gassen i område nær resipienten. Ved årsskiftet 1993/1994 var det tildels stor plage med lukt, før isen la seg. Nye problem oppstod i månadsskiftet februar-mars 1994.

NIVA er på kort varsel blitt bedt om å vurdere problemomfanget, belyse årsaker og å peike på eventuelle tiltak på kort eller litt lengre sikt som kan forbetre tilstanden. Rapporten er basert på ei kort synfaring, samt på eksisterande data frå Kyllaren og kunnskap/theori om liknande problem andre stader.

2. BAKGRUNN


Kyllaren er ein poll eller liten fjord i Askvoll kommune, Sogn og Fjordane. Kyllaren har svært grunt og langt terskelområde (Leira ig Askvika, fig. 1), som hemmar vassutskiftinga. I tillegg er det anlagt to vegfyllingar over dei grunne partia som nok har dempa utskiftinga ytterlegare. Ved årsskiftet 1993/1994 oppstod det plager med lukt frå bassenget, som skuldast gass frå stagnerande djupvatn. Låge oksygenverdiar i brakkvatnet i Kyllaren og på Leira har også hatt negative følgjer for fiskeoppgang (ein aurebekk renn ut i Kyllaren, og ein i Leira).

Over terskelområdet mellom Leira og Askvika blei det tidleg lagt veg (før århundreskiftet). Vegfyllinga har blitt utvida og modifisert i fleire etappar. I 1950-åra skjedde det ei utviding der det blei anlagt ei lita bru for å sikre ei viss gjennomstrøyming. Lenger ute i Askvika blei det i 1980 åra anlagt en annan veg, med fylling og bru (i kabeltraséen, fig. 1). Dette prosjektet kan også ha bidratt i negativ retning til utskiftinga av Kyllaren, men er ikkje i fokus for denne rapporten.


Våren 1993 blei det lagt ein ekstra kulvert i den gamle fyllinga på RV 608 i Straumen (fig. 2) for å auke vassgjennomstrøyminga inn til Kyllaren. Bakgrunnen for dette var den aukande tilslamminga av Leira, som også kunne hemme vassutskiftinga i Kyllaren. Det var eit ønske om å bevare naturtilstanden i området, som i 1991 ble verna som naturreservat (våtmarksområde). Det blei imidlertid ikkje foretatt noka miljømessig konsekvensutgreiing (berekingar m.m.) for inngrepet på førehand.

For generell overvaking og som støtte for å vurdere effekten av den nye kulverten blei det satt i gang eit måleprogram for hydrografi og vasskvalitet våren 1993. Programmet går framleis, i regi av miljøvernleiaren med det lokale jakt og fiskelaget, v/Roald Nordeide og Eivind Aarseth som medspelar.


Hausten 1993 oppstod det luktplager rundt Kyllaren, som truleg skuldast hydrogensulfid (H_2S) frå djupvatnet. Det blei reist spørsmål til om det kunne vere ei kobling til det siste inngrepet i fyllinga, eller om det skuldast tilførsler frå tilstøytande gardsbruk eller andre forhold. Luktplagene forsvann med islegginga i desember, men oppstod igjen i månadsskiftet februar/mars.



Figur 1. Kopi av sjøkart nr 27, med Askvika og Kyllaren. Vegfylling og bru i *Straumen* er markert med pil. Det eksisterer også ei relativt ny fylling m/ bru ved *Klokkaneset* i Askvika, nær der sjøkabelen er markert. Målestokk: 1:50,000.



LENGDEPROFIL. RV. 608 over Askvika.



Figur 2. Øverst: Detaljkart over Straumen med fylling, kulvert og bru i tilknytting til RV 608. Nederst: Tverrsnitt sett fra Kyllaren, med bruа til venstre og ny (1993) djupare kulvert til høgre.

2.1. Foreliggende gransking

Miljøvernnavdelinga i Sogn og Fjordane som alt hadde vore i inngrep med saka ei stund, kontakta NIVA i månadsskiftet januar/februar 1994, med spørsmål om å få belyst problemet med Kyllaren frå fagleg hald. Dette gjalt utviklinga på kort sikt, med forventa effekter i nærmeste framtid. Vidare kva den därlege vasskvaliteten skuldast, og kva avbøtande tiltak som vil kunne iverksetjast.

NIVAs tilbod på gjennomføring av ei utgreiing med kort tidsfrist blei akseptert av Miljøvernnavdelinga 1/2 1994. Like etter blei det gjennomført ei synfaring med prøvetaking på lokaliteten.

2.2. Geografi og topografi

Kyllaren (fig. 1) utgjer nordligaste halvdel av ein ca 2.5 km lang resipient, der Leira dannar søre delen. Leira er grunn, med middeldjup ca 1 m, og overflateareal på ca 0.3 km² (rekna sør til RV 608, Straumen).

Frå ytre del av Askvika (nær Askvoll sentrum) går det ei grunn renne gjennom våtmarksområdet, som mindre båtar kan fortere oppover til Straumen bru. Tidligare (førre hundreåret) gjekk der jekter heilt inn til Kyllaren for opplag. Dette må ha skjedd på flo sjø, med djupare vatn enn i dag. I dag ville slik ferdsel vore vanskeleg p.g.a. djupnene, noko som kan tyde på at det har skjedd ei gradvis oppgrunning av området.


Avstanden frå Askvika til Straumen bru og vegfyllinga er ca 2 km. Derfrå og nordover til Kyllaren er det ytterlegare 1 km. Botntopografien for Kyllaren er synt i fig. 3.

Nokre topografiske data for Kyllaren (omtentlege verdiar):

Max. djup:	30 m ^{*)}
Avstand til sjø (Askvika):	3 km
Terskeldjup:	< 1 m
Overflateareal:	0.35 km ²
Samla vassvolum	4 mill m ³
Vassvolum, intervall 5-30 m:	2.5 mill m ³

*) målt med ekkolodd under synfaringa 9/2 1994.

Det framgår at Kyllarens overflateareal er om lag like stort som Leira sitt, mens vassvolumet er ca 10 gonger større.



Figur 3. Botntopografi for Kyllaren. Djupner i meter.

Nedslagsfeltet for Kyllaren og Leira er berglendt. Arealet er ca 2.3 km². Nedslagsområdet for strekninga Askvika-Leira er berekna til 8 km² (Fløene, 1974). Av dette kan vi anslå at ca 1/2 er knytt til Leira. Ringstadelva med Hellsetvatnet (sjå fig. 1) har ca 5.7 km² nedslagsfelt. Til saman gir dette ca 12 km² nedslagsfelt, med varierande feltretensjon (berg, myr etc).

Samla normalavrenning til Kyllaren og Leira er ca 0.1 m³/s, og 1 m³/s ved flaum (etter Fløene, 1974).

2.3. Eksisterande data

Før NIVAs synfaring med prøvetaking 9/2 1994, foretok det lokale jakt og fiskelaget prøvetaking til følgjande tidspunkt:

Tidspunkt	Parametrar målt
28.10. 1990	Profil av Salt og Temp.
28.03. 1993	T-S profil, sikt, Tot-P,Tot-N
02.05. 1993	T-S profil, sikt, oksygen
30.05. 1993	T-S profil, sikt
20.06. 1993	T-S profil, sikt, turb., TOC,Tot-P,Tot-N
03.08. 1993	T-S profil, sikt
15.08. 1993	Turb., Tot-P, Tot-N
10.10. 1993	T-S profil, sikt
08.11. 1993	T-S profil, sikt
09.01. 1994	T-S profil m/sonde, sediment, vasspr. (NIVA)

Målingane i regi av jakt og fiskelaget er gjort frå båt v.hj. av vannhentar med umiddelbar avlesing/måling av temperatur og salinitet om bord. Saliniteten er målt med refraktometer eller indirekte ved å måle densiteten med pyknometer. Begge desse metodene kan ha relativt stor måleusikkerheit. Vatnet i Kyllaren er brunfarga (muligens p.g.a. jern). Dette fargeavviket vil kunne påverke avlesingane i refraktometeret. NIVAs sondemålingar kan også vere befengt med ein viss feil, som skuldast unormal ionesamansetning i djupvatnet. Særleg viss mykje sulfat er fjerna.

Prøvene av oksygen og næringssalt som jakt og fiskelaget tok, blei analysert hos Næringsmiddeltilsynet for Sogn i Sogndal.

Under NIVAs synfaring 9/2 1994 var Kyllaren islagt. Istjukkleiken var ca 30 cm. Gjennom hol i isen blei det tatt salt-temp. profil til botn med spesialinstrument (Sensordata SD200 STD sonde). Vidare blei det tatt prøver av vatn og botnsediment.

Det kan også nemnast at det i 1979 blei gjort måling av vannstand oppstrøms og nedstrøms bru i Straumen, i regi av NVE.

3. MILJØTILSTANDEN I KYLLAREN

Den dårlege vasskvaliteten i Kyllaren er forårsaka av dårleg sirkulasjon/utskifting i forhold til aktuelle tilførsler av oksygenforbrukande materiale. Sistnemnde faktor vil i hovedsak vere bestemt av tilførsler av organisk stoff (karbon) frå land, samt lokal bioproduksjon (alger) i den "friske" øvre del av vassøyla. Algevekst vil bli stimulert av næringssalt-tilførsler frå land, frå landbruk, skog og utmark.

Inngående strøm gir neppe store bidrag til den organiske belastninga av Kyllaren (relativt rent vatn inn). Men tidvis transport av laust sediment frå Leira vidare nordover til Kyllaren kan vere ein vesentleg faktor for dagens belastning.

Utgangspunktet for hydrogensulfiden er sulfat i sjøvatnet, som ved ein salinitet på 25 ppt i normalt har ca 650 mg/l svovel. Når alt løyst oksygen er oppbrukt til nedbryting av organisk materiale, startar bakteriologisk nedbryting av nitrat (denitrifisering), med danning av nitritt og til slutt nitrogengass. Etter dette byrjar reduksjon av sulfat og danning av H_2S .

Nytt innstrøymande sjøvatn vil føre med seg oksygen, som bidrar til å redusere hydrogensulfid konsentrasjonen i større eller mindre grad. Fortsatt vil det imidlertid vere sulfat til stades for danning av H_2S . For å endre tilstanden må ein enten stenge av karbonkjeldene, auke utsluftinga eller auke vassutskiftinga.


Ei totalvurdering av miljøtilstanden i Kyllaren vil også innebere ei vurdering av den historiske utviklinga. Dette gjeld først og fremst dei menneskelege inngrep som er foretatt i nyare tid. Langsom naturlig endring av topografiien i dei grunne områda i Askvika og i Straumen kan ha bidratt til å forverre utskiftingstilhøva. Landheving og endra flomål det siste hundreåret kan også ha bidratt negativt når det gjeld utskiftingstilhøva.

3.1. Hydrografi og vasskvalitet

Fig. 4 syner resultata av målingane med spesialsonde 9/2 1994. I tillegg til salinitet og temperatur, er også kurve for densitet (kg/m^3 -1000) framstilt. Samtlige måledata er tabellert i vedlegg. På grunn av isen blei ikkje siktedypt målt.

Resultata synte eit tynt øvre sjikt like under isen med temperatur nær frysepunktet og salinitet under 15 ppt (‰). Under dette var det eit markert sprangsjikt, med overgang til varmare og saltare vatn. I 1 m djup var saliniteten 21 ppt, og temperaturen ca 2.0 °C. Derfrå og nedover mot ca 15 m djup auka salinitet og temperatur omlag lineært. Frå 15 m og ned mot botn


(30m) var verdiane temmeleg konstante, med 25.2 ppt i salinitet og 8.6 °C i temperatur (fig. 4).



Figur 4. Vertikalprofil av salinitet (ppt), temperatur (°C) og densitet (sigma-t) målt i Kyllaren 9/2 1994.

Tidlegare målingar

Dei tidlegare målingane av temperatur og salinitet (avsnitt 2.2) er framstilt i isolinjeplott i fig. 5. Observasjonane frå oktober 1990 er også tatt med. Men linjene frå desse målingane til datasettet frå 1993-1994 som er trekte med stipla linje, er usikre.



Figur 5. Isolinjeplott av målt temperatur og salinitet i Kyllaren i perioden 1990-1994. Data frå ulike kjelder. Kun ei måling i 1990, og ingen i 1991-1992. siktedjup og øvre grense for H_2S er også markert.

Det framgår av målingane at temperaturen i djupvatnet låg tilnærma konstant rundt 8.5-9.0 °C i måleperioden. Sommaren 1993 var det innslag av litt varmare vatn. Sjiktet mellom 10m og botn hadde temperatur mellom 8 og 10 °C det meste av tida. Vinteren 1993/94 sank temperaturen litt i øvre del av dette sjiktet. Denne perioden hadde også dei lågaste temperaturane i det øvre 2-3 m tjukke laget, og islegging.

Saliniteten var tidvis nær null i overflata. Djupvassverdiane i 1993 låg rundt 20-22 ppt. Målingane i oktober 1990 februar 1994 synte salinitet over 25 ppt i djupvatnet. Ei utskifting kan ha funne stad i perioden frå januar til februar 1994, og ført til endra salinitetsverdiar. Ei anna forklaring er at målemetodikken i perioden 1993 - jan. 1994 har gitt avvikande resultat i forhold til februar 1994 og oktober 1990. Eit avvik (målefeil) på 3-5 ppt er mykje, men muligens ikkje heilt usannsynleg (kan etterprøvast ved samanlikning av metoder).

Isolinja for 18 ppt definerer sprangsjiktet. Dette heldt seg i 6-8 m djup det meste av tida. Men frå januar 1994 steig det oppover. I februar 1994 låg 18 ppt verdien nær overflata. Det at målingane i januar også syntet denne trenden gjer at tendensen synes signifikant uansett evt. systematisk målefeil i tidligare data.

Siktedjup

Siktedjupsverdiane i måleperioden er markert i fig 5. Verdien varierte mellom 3.5 m og 2.5 m. Dette er lågt, og samtidig uvanleg konstant i høve til det ein måler i fjordar ellers (typisk variasjon mellom 2 m og 15 m over året). Dette indikerer at det permanent er mykje partikulært materiale (humus, alger, o.l.) i øvre del av vassøyla.

Grensesjikt oksygen/H₂S

Sjiktet med overgang frå oksisk til anoksisk tilstand låg rundt 1 m djup ved målingane i februar 1994. Ei vassprøve frå ca 1/2 m djup syntet oksygenverdi på 4.9 mg/l (3.4 ml/l), tilsvarande om lag 50 % metning. Dette indikerer at det var oksygenforbruk/reduksjon også like under isen.

Vassprøver frå 15 og 28 m djup i februar 1994 syntet svært høge H₂S verdiar. I 15 m var verdien ca 91 mg/l. I 28 m var verdien vesentleg høgre enn 120 mg/l (eksakt verdi ikkje påvist).

Sjiktet for overgang mellom oksisk og anoksisk (H₂S) vatn slik det blei registrert v.hj. av vannhentar i 1993 og 1994 er også markert i fig. 5. Grenseflata låg først i 5-6 m djup. I januar 1994 var den ikkje nøyaktig påvist, men i februar 1994 låg den rundt 1 m djup. (*Kommentar: Oksygenprøven frå 10 m djup 2/5 1993 syntet 112% metning, mens H₂S grensa låg i 6 m djup. Dette må indikere ein feil enten ved prøvetaking eller analyse*).

Forverringa vinteren 1994 kan skuldast omrøring i det øvre laget (jamfør føregåande luktplager). Langsomme vertikale svingingar av sprangsjiktet (indre bølgjer med periode av storleiksorden 0.1-1 time) kan også forklare forverringa i februar 1994, m.a. ved

at prøvetaking har foregått i ulik fase av svingingane. Slike indre bølgjer har ein tendens til å forsterke seg når densitetsforskjellene blir redusert om vinteren.

Ut frå gjeldande klassifiseringsnormer for fjordar (SFT 1993) når det gjeld oksygenforhold, vil Kyllaren hamne i lågaste klasse "V", d.v.s. "Meget dårlig", og "meget sterkt forurensset". Underforstått her er at tiltak må setjast inn for å forbetra tilhøva, i alle fall dersom tilstanden skuldast menneskelege tilførsler eller inngrep.

Næringssalt

Næringssaltprøvene som blei tatt i 1993 av jakt og fiskelaget synte følgjande verdiar:

	Tot-P, µg/l (dato)	Tot-N, µg/l (dato)
3 m djup	23 (28/3 1993)	370 (28/3 1993)
	270 (20/6 1993)	20 (20/6 1993)
	31 (15/8 1993)	320 (15/8 1993)
10 m djup	1000 (20/6 1993)	2200 (20/6 1993)
	2500 (15/8 1993)	970 (15/8 1993)

N/P forholdet (vekt) var 10-16 i øvre lag 28/3 og 15/8. Dette er litt i overkant av det normale. Den 20/6 var dette forholdstalet omsnudd (ca 1/14; kan skuldast ombytting av resultat?). I 10 m djup synte målingane svært høge verdiar både for N og P, særleg for P.

Basert på gjeldande klassifiseringsnormer for næringssalt i overflatelag i fjordar (SFT 1993) vil Kyllaren hamne i kategori III- "Nokså dårlig", evt. IV-"Dårlig" (har her antatt at prøvene frå 20/6 er ombytta). Med den dårlige vasskvaliteten i djupvatnet hamnar imidlertid Kyllaren i SFTs dårligaste klasse, V; "Meget dårlig".

3.2. Sirkulasjon


Fleire fysiske faktorar kan bidra til utskifting eller utlufting av vatnet i Kyllaren (Berge m. fl. 1982):

- * Direkte vassutbyte av sjøvaten med Askvika
- * Ferskvassstilførsler
- * Avkjøling i overflata, med vertikal konveksjon
- * Nedblanding p.g.a. vind
- * Turbulent blanding som følgje av innstrøymande vatn
- * Indre bølgjer.

Det er klart at sjølv med samvirke av gunstige faktorar er utskiftinga i dag for liten til å lufte djupvatnet. Heile vassøyla synes ha dårlig eller forringa vasskvalitet som følgje av dårlig vassutskifting. Det ligg ikkje innafor ramma og målsettinga til denne korte utgreiinga å vurdere sirkulasjonsmønsteret i Kyllaren i detalj.

3.2.1. Tidevatn

Vannstanden i Kyllaren står oftest høgre enn utanfor Askvika. Dette gjaldt i alle fall før ekstra kulvert blei lagt våren 1993, og er nok ein kombinert effekt av ferskvasstilrenninga og dårlig tømmekapasitet. Nokre manuelle registreringar av NVE i april-mai 1979 synte at Kyllaren på langt nær tømte seg ned til nivå for fjøre sjø utanfor. Berre i korte perioder (ca 1-2 timer) like før flo sjø utanfor var vannstanden høgre utanfor enn innafor, slik at innstrøyming kunne skje. Fig. 6 syner prinsippskisse for forløpet til vannstandsvariasjonen.



Figur 6. Prinsippskisse for vannstandsvariasjon i Askvika og inne i Kyllaren over ein tidevasscyklus (ca 12.5 timer). Skraverte felt indikerer dei korte tidsromma då innstrøyming til Leira/Kyllaren kan skje.

Tidevannsforskjell (= 2 a_o) inne i Kyllaren er om lag 30 cm, mens tilsvarande forskjell utanfor er 1.1 - 1.2 meter. Dette gir ein dempingskoeffisient ("choking coefficient") på ca 0.25. På sørssida av Straumsbrua var det også ein viss amplitudedemping (ca 0.8-0.9 m min til max) på grunn av det lange (2 km) og grunne (ca 1 m) området i Askvika. Dette tilseier at effektiv dempingskoeffisient p.g.a. vegfyllinga var av storleiksorden 0.4.

Dempingsfaktoren vil avhenge av aktuell ytre amplitude, og kan også variere sesongmessig p.g.a. varierande friksjon (begroing) slik det er observert i Framvaren (Stigebrandt og Molvær 1988). Målingar med sjølvregistrerande instrument vil gi betre svar på amplitudedemping og

faseforskyving i forhold til dei kortvarige manuelle målingane.

Det meste av dempinga skjedde (og skjer) sannsynlegvis i området ved Straumen. Det er ikkje foretatt målingar etter at ny kulvert blei lagt, ut over visuelle observasjonar (v/ E. Aarseth) som synte nivåforskjell av storleiksordenen 1/2 meter frå eine side av bru til den andre. Dersom dette er rett, har ny kulvert bidratt til å redusere dempinga med ca 20% i forhold til tidligare.

For å berekne teoretisk effekten på demping av endringar i gjennomstrøymingsareal ved bru må ein foreta ei rad tilnærmingar. Vi kan nytte metoden til Stigebrandt (1980) for å få eit visst begrep om storleikar. Om vi antar dempingskoeffisient på 0.25 (som før siste inngrep), kan vi berekne det "effektive tverrsnittsarealet"

$$A_m' = A_m / (1 + \lambda)^{0.5}$$

som er forskjellig frå det geometriske (minimums) tverrsnittet A_m . λ er ein dimensjonslaus faktor som uttrykkjer storlek på friksjonseffekt ($\lambda=0$ tilsv. ingen friksjon). For Kyllaren er A_m' ca 13 m^2 , som sannsynlegvis er av same storleiksorden som det geometriske gjennomstrøymingsarealet i Straumen. Med større kunnskap om den faktiske dempinga i Kyllaren vil ein kunne beregne A_m' for innløpet meir eksakt, og derpå vurdere effekt av auka gjennomstrøymingsareal ved Straumsbruå åleine.

Midlare teoretisk volumfluks inn/ut i løpet av ein tidevannsperiode er ca $2a_o A_h / 6.25$ time (A_h er overflatearealet = 0.35 km^2), tilsvarende $4\text{-}5 \text{ m}^3/\text{s}$ i middel. Maksimalfluksen i Straumen er nok oppe i det doble eller meir ved max. dagleg tidevassforskjell. Dette vil tilsvare strøm gjennon kulvertane på ca $1\text{-}2 \text{ m/s}$, noko som kan stemme omtrentleg med visuelle observasjonar under synfaringa 9/2 1994.

Til samanlikning er ferskvassstilrenninga til Kyllaren/Leira estimert til $0.1\text{-}1 \text{ m}^3/\text{s}$, m.a.o. av storleiksorden 1/5 eller mindre i forhold til tidevassfluksen.

4. VURDERING AV UTVIKLING OG TILTAK

Luktplagene som oppstod rundt Kyllaren rundt årsskiftet 93/94 vil sannsynlegvis kome igjen når isen forsvinn (synes stadfestat av innkomne meldingar ved rapportavslutting). H_2S vil då kome til overflata i mindre doser. H_2S blir raskt oksydert ved kontakt med luft, men lukt vil kunne vedvare nokre timer etter ein oppstrømmingsepisode.

Luftmålingar sist vinter ved Sælevatnet i Bergen synte ikkje foruroligande høge verdiar. Men det blei ikkje målt før etter at den verste lukta hadde gitt seg, og folk hadde evakuert (Tveit, Næringsmiddelkontrollen i Hordaland, pers. medd.). I landbruket er ein merksam på H_2S gass i samband med gjødselskjellarar. I husdyrrrom er grensa 0.5 ppm . Inntil 5 ppm kan kan aksepteras i korte perioder (ved tømming eller omrøring, Nerland, Fylkeslandbrukskontoret Hordaland, pers. medd.).

Sjølv om konsentrasjon av H_2S i Kyllaren ikkje er nøyaktig fastslått, er det klart at det er tale om svært høge verdiar, og at miljøet i djupvatnet er svært reaktivt. Samtidig indikerer det at djupvatnet er svært gammalt, kanskje fleire ti-år eller meir. Framvaren på Sørlandet har det høgste målte H_2S nivå for terskelfjordar (ca 180 mg/l, Millero 1991). Sælenvatnet i Bergen har hatt tilsvarende luktplager som Kyllaren i 1993-94. Der er det nyleg (februar 1994) målt verdiar rundt 50-60 mg/l i djupvatnet (H. Hjelle, Bergen kommune, pers. medd.).

Forverringa i situasjonen utover vinteren 1994 kan ha medført utradering av mest alt akvatisk liv i Kyllaren. Fisk kan muligens ha overlevd heilt oppunder isen, eller ved å rømme ut. Tidspunktet for forgiftinga kan vere gunstig i forhold til tidspunkt for vandring av aure og yngel til/frå elvane, som gjerne skjer vår/haust.

Viktigaste svovelkjelda for danning av H_2S er sulfat i sjøvatnet. Sannsynlegvis er kun ein liten del av sulfatet oppbrukt. Så lenge vertikalblandinga er dårlig, vil hydrogensulfid dermed framleis bli danna.

Det store magasinet av H_2S i Kyllaren vil raskt forbruke oksygen i øvre lag ved kraftig omrøring. Slik oksydasjon kan bli stimulert viss mykje redusert jern, Fe(II), evt. også Mn(II) er til stades. Dette er ofte tilfelle for anoksisk djupvatn, særleg like under sprangsjiktet. Oksydasjonen går då i to steg med danning av noko partikulært svovel (Millero 1991).

Utan Fe(II), evt. Mn(II) blir H_2S fjerna mykje langsommere, og det blir danna sulfat ($SO_4^{=}$). Dette er nok den mest realistiske reaksjonen der vatn frå grunne sjikt er involvert. Ved den reaksjonen kan ein rekne at oksydasjon av 1 mol H_2S krev 2 mol O_2 , d.v.s. at vatn med f.eks. 10 mg O_2/l (ca metning) blanda med 5 mg H_2S/l vil danne omlag "nøytralt" (null oksygen) vatn.

4.1. Aktuelle metoder

Det bør og kan iverksetjast tiltak for å forbetre tilhøva i Kyllaren, og mange metoder finns. Kort kan nemnast:

- ◆ Bobling med komprimert luft eller oksygen
- ◆ Tilføring av ferskvatn frå elv i djupet
- ◆ Mekanisk omrøring
- ◆ Utviding/utdjuping av terskel
- ◆ Avstenging av terskel for saltvassinnstrøyming
- ◆ Mekanisk stimulert vertikalkonveksjon
- ◆ Regelmessig utpumping av djupvatn
- ◆ Tilsetting av kjemisk stoff (oksidantar)

Det ligg ikkje innafør ramma til prosjektet å utføre detaljberekningar av kost/nytte for kvar enkelt metode.

Terskelområdet synes i dag å gi for liten utskiftingskapasitet, sjølv med den nye kulverten. Tilstrekkelig salt (og tungt) overflatevatn til å kunne erstatte deler av djupvatnet med salinitet på ca 25 ppt er nok hyppig til stades utanfor Askvika (jamfør statistiske data frå Sognesjøen (Aure og Østensen 1993)).

Problemet er at med den lange terskelen til Leira/Kyllaren når berre ein liten del av tungt kystvatn fram. Dei mengdene som når heilt inn og innlagrar seg i djupvatnet er for små til å bidra vesentleg til fjerning av hydrogensulfid i djupvatnet. I staden kan ein tidvis få tilførsler av sedimentert organisk materiale frå Leira som seinare kan danne H₂S. Den djupare kulverten som blei lagt i 1993 tener såleis sannsynlegvis målsettinga med å betre tilhøva i Leira, men bidrar neppe positivt for Kyllarens del.

Effektive inngrep på terskelen ut over det som alt er gjort kan bli kostbare i forhold til nytteverdien. Skal ein oppnå effektiv utskifting den vegen kan det vere behov for mudring av ei djuprenne gjennom heile Askvika og over Leira. Kun ytterlegare utviding av Straumsbrua er neppe tilstrekkeleg. Alternativ med å legge rør frå bassenget til området utanfor Askvika kombinert med oppdemming eller sluse på terskelen (Golmen 1989) ville neppe gå p.g.a. lange rør og stort friksjonstap.

Eit alternativ er å stenge den nye kulverten for innstrømming v.hj. av ein hengeklaff. Det burde vere ein relativt enkel teknisk operasjon å få laga og montert ein slik. Utforminga må vurderast nøyare. Prinsippet ville vere at vatn slepp ut, mens (salt) vatn blir hindra i å strømme inn. Noko saltvatn ville fortsatt kome inn under bruа, men avsperring av kulverten ville redusere den totale saltvasstransporten monaleg.

I prinsippet kan også bruopningen sperrast på same måten. Konsekvensen av dette ville bli at Kyllaren langsamt blei omgjort til ein ferskvassresipient. Kombinert med tekniske inngrep i sjølve Kyllaren ville ein relativt raskt få fjerna hydrogensulfiden.

Ved å gjere vatnet i Kyllaren meir brakt, evt. heilt ferskt, vil livsvilkår for organismer bli endra. Dette er sannsynlegvis ei sak som miljøvernstyremaktene må vurdere. Men uansett bør alt vere betre enn dagens situasjon, med forgifting av heile vassøyla og store luktplager.

Det finns mange metoder som kan nyttast for å betre på tilhøva i Kyllaren. Dette går mest på ulike former for "lufting" enten ved at luft blir pumpa ned, eller at ferskvatn blir leidd ned i djupet (Berge m. fl. 1982). Ved slik lufting oppnår ein direkte oksygentilførsel som vil oksydere H₂S. Densiteten til djupvatnet og dermed sjiktinga blir også gradvis redusert, slik at friskt og tyngre sjøvatn som tidvis strøymer over terskelen kan synke heilt til botn, og såleis forårsake utskifting den vegen. Ei slik metode burde kunne vurderast for Kyllarens vedkomande, ved å legge litt av elvetilførslane i rør til gitt djup.

Energien E som må tilførast for å blande øvre og nedre del av vassøyla er proposjonal er større dess kraftigare sjiktinga er. Enklaste betraktingsmåte tilseier at dette energibehovet er tilnærma

$$E = \frac{1}{2} h_1 V \Delta \sigma g \text{ (joule)},$$

der h_1 og V er h.h.v. tjukkleik og volum av øvre lag, $\Delta\sigma$ er densitetsforskjell mellom øvre lag og djupvatn, og g er tyngdeaksellerasjonen. Aktuelle verdiar for Kyllaren gir eit energibehov av storleiksordenen 10^8 - 10^9 J. Jamt fordelt over eit år gir dette eit kontinuerlig effektbehov av storleiksordenen 10-100 W. Det bør vere kurant å hente ut slike energimengder enten frå vassøyla sjølv (kunstig konveksjon) eller ved ferskvassutslepp på djupna.

Metoder som involverer mekaniske pumper kan også nyttast, men dette krev relativt store investerings- og vedlikehaldskostnader. I Botnen i Rissa kommune er det investert i kompressoranlegg m.m. for 1/2 mill kr for å lufte djupvatn. Driftsutgiftene er vesentlege. I Skjoldafjorden i Nordrogaland har det vore forsøkt med tilførsel av oksygen, utan større suksess (Vea 1994). Denne metoden vil kunne bli meir effektiv i Kyllaren, men den krev bl.a. kontinuerlig strømtilførsel på 5-6 kW, noko som kan medføre relativt store driftsutgifter.

Det er mulig å etablere kunstig vertikalsirkulasjon ved å utnytte potensiell energi i vassøyla (gradientar i salinitet og temperatur). Dette kan gjerast ved å ta omsyn til sjøvatnets termodynamiske eigenskapar, der endringar i salinitet og temperatur har ulik effekt på densiteten. Ein treng her ikkje tilføre ekstra driftsenergi (sjå Golmen og C.-Roisin 1992).

Kyllaren burde eigne seg godt for eit lite flytande anlegg, som vil kunne operere av seg sjølv i vinterhalvåret. Ulike konsept er omtalt av Golmen og C.-Roisin (1992). Installasjonar av moderat storleik (10 m lengde) vil kunne generere "gratis" sirkulasjon (ingen kunstig energitilførsel) av opp til $1 \text{ m}^3/\text{s}$ (tilsv. ca 1 kW effekt) ved tilhøve som i Kyllaren vinterstid.

Fig. 7 syner ulike sirkulasjons-konfigurasjonar som kan etablerast i Kyllaren for å etablere kunstig sirkulasjon. Versjon "c" er den mest aktuelle. Med den kan ein føre vatn frå øvre lag ned i djupare sjikt, utan å forstyrre fjordoverflata.

4.2. Val av metode


Fleire metoder er her lansert for å forbetre vasskvaliteten i Kyllaren, og hindre framtidig luktplage. Desse dreier seg om inngrep på terskelen, konveksjons-stimulerande tiltak inne i Kyllaren, eller ein kombinasjon av desse. Først må det gjennomførast kvalitativ rangering av metoder som også inkluderer vurdering av biologiske effekter.

Som nemnt vil metodeval kunne bestemme om vatnet i Kyllaren skal forblí brakt/salt, eller om det på sikt kan bli heilt ferskt. Begge deler bør vere betre enn dagens situasjon. Før direkte tiltak blir sett i verk, bør imidlertid biologiske konsekvensar av endra salinitet vurderast, sidan det her kan oppstå konfliktar m.a. i forhold til fredingsvilkåra.

Inngrepet med ny kulvert i 1993 kan ha bidratt til å forverre situasjonen i Kyllaren, ved at meir saltvatn enn før blir tilført, og sjiktinga såleis blir meir markert. Dette kan forverre tilhøva i djupvatnet, men ikkje nødvendigvis i heile vassøyla.

Kyllaren kan i dag vere inne i ein ustabil overgangsfase frå gammal til ny tilstand, rekna i forhold til tilspunkt for legging av kulvert. Dei nylege episodene med lukt kan ha samanheng med ein slik overgang, slik at tilhøva kan bli betre komande vintrar.

Som eit minimum bør i alle fall situasjonen overvakast (målast) i 1994 og vinteren 1994/95, for å skaffe dokumentasjon dersom der er ei utvikling på gang. Ved å skaffe seg tilleggsinformasjon omkring hydrofysisk miljø vil ein kunne spare seg relativt store anleggskostnader som kanskje kunne vise seg å vere unødvendige.



Figur 7. Ulike konfigurasjonar av horisontale og vertikale rør som kan generere kunstig vertikalkonveksjon og delvis omrøring (frå Golmen og C.-Roisin 1992) over realistiske gradientar av salinitet og temperatur i Kyllaren. Konfigurasjon "c" er mest aktuell.

5. OPPFØLGJING

Teoretiske vurderinger

Forut for eitkvart inngrep bør det gjerast eit minimum av tekniske berekningar og evaluering av miljøeffekt. Det synes som om dette ikkje blei gjort før kulverten blei lagt.

Teknisk sett gjennomførbare tiltak på terskelen bør vurderast opp mot andre og enklare tiltak som kan iverksetjast inne i sjølve Kyllaren.

Ein bør nytte naturens eigne prosessar i størst mogleg grad. Dette kan skape eit system i naturleg balanse, og i tillegg vere kostnadseffektivt eller også gratis når det gjeld drift.

Effektiv tilpassing av utskiftingssrate kan bidra til betre vertikal utlufting i Kyllaren. Dette gjeld **vertikalkonveksjon** p.g.a. avkjøling, som er følsom for sjiktingstilhøva. Ved å dimensjonere utløpet rett, evt. kombinere med eit lite neddykka utslepp av ferskvatn frå elv, vil ein her kunne tilrettelegge for meir effektiv konveksjon vinterstid.

Indre bølger på grenseflata mellom brakt og salt vatn vil under visse sjiktingstilhøve kunne bli stimulert og effektivt bidra til utlufting over sprangsjiktet. Slike bølgjer har tidvis ført til luktplager andre stader (kanskje også i Kyllaren), ved at dei har pressa H₂S-vatn heilt opp i overflata. Slik verknad bør ein naturlegvis unngå. Kor effektiv denne prosessen er, avheng av sjiktingstilhøva. I prinsippet er det mogleg å endre sjiktinga ved tekniske inngrep slik at naturen sjølv, via indre bølgjer og vertikalkonveksjon effektivt tar seg av omrøringa i vassøyla.

Tilførsler av organisk materiale og næringssalt frå busettnad/landbruk har neppe avgjerande betydning for dagens tilstand i Kyllaren. Ei kartlegging og kvantifisering av ulike bidrag (inkludert "naturlege" kjelder som nitrogen og svovel via nedbør) bør utførast uansett, særleg sidan tilførsler frå land kan slå annleis ut i ein framtidig "reinare" Kyllar.

Djupvatnet utgjer i dag ei stor kjelde for næringssalt og andre stoff. Miljøeffekt (algevekst m.m.) av å løfte opp og evt. føre dette vatnet ut i terskelområdet og vidare ut i sjøen bør vurderast. Dette gjeld i kor stor grad omgjevande vatn kan belastast, kva midlertidig belastning som kan tolererast, samt berekning av varigheit av evt. periode med risiko for negativ påverknad.

Målingar

Utviklinga i Kyllaren bør følgjast med målingar og prøvetaking utover vinteren, også før isen forsvinn. Nyttig erfaringsmateriale kan innsamlast for seinare situasjonar, og også for vurdering av tiltak. Målemetodikk og måleresultat må evaluerast.

Det bør gjennomførast ei granskning for å fastslå biologisk skadeomfang og rekoloniseringsrate av fisk/organismar. Lokal biomasseproduksjon (algevekst, algetyper) bør målast, for å vurdere i kor stor grad lokale tilførsler kan vere årsak til den dårlige vasskvaliteten.

For å kunne vurdere betre nytte/effekter av ytterlegare inngrep/tiltak ved terskelen bør der gjennomførast nøyaktige vannstandsmålingar med sjølvregisterande instrument. Desse kan kombinerast med enkle strømmålingar og registrering av salinitet-temperatur.

REFERANSAR:

- Aure, J. og Ø. Østensen 1993: Hydrografiske normaler og langtidsvariasjoner i norske kystfarvann. Fisken og Havet Nr. 6-1993.
- Berge, F.S., J. Molvær, G. Nilsen og A. Thendrup 1982: Fjordforbedring. Tiltak for å forbedre oksygenforholdene i poller og terskelfjorder. Rapp. nr. 81046, NIVA, Oslo, 119 s.
- Fløene, H. I. 1974: Inndemming av Leira og Askvika i Askvoll, Sogn og Fjordane Fylke. Semesteroppgåve, Inst. for Kulturteknikk, NLH, Ås.
- Golmen, L. G. 1989: Auka vassutskifting i Skjoldafjorden. Om moglege fysiske tiltak, konsekvensar og kostnader. VANN Nr. 3/1989, s. 363-370.
- Golmen, L.G. og B. Cushman-Roisin 1992: A self-sustained pump across temperature-salinity gradients in coastal waters. Ocean Engineering Vol 19, Nr 2. s. 57-74.
- Millero, F. 1991: The oxidation of H_2S in Framvaren fjord. Limonl. Oceanogr. Vol 36(5), s. 1007-1014.
- SFT 1993: Klassifisering av miljøkvalitet i fjorder og kystfarvann. Kortversjon. SFT rapp. TA-922/1993, 20 s.
- Stene, R.O. 1989: Kunstig lufting av dypvann i anoksiske fjorder på Sørlandet. Rapp. nr. 8/1989, Fylkesmannen i Vest-Agder, Miljøvernavdelinga, 44 s.
- Stigebrandt, A. 1980: Some aspects of tidal interaction with fjord constrictions. Est. coastl. mar. science Vol 2, s 151-166.
- Stigebrandt, A. og J. Molvær 1988: On the water exchange of Framvaren. Mar. Chemistry 23, s. 219-228.
- Vea, J. 1994: Oksygenering av Skjoldafjorden. Rapport RF30/94, Rogalandsforsking, 20 s.

VEDLEGG

STASJON 2, senter av pollen

STASJ: 102 POS: 610000 500 TID: 940209 1330 DYP 29
 Kyllar, Askvoll, max SD200 datalogger NIVA-L.G.Golmen

#	DJUP	RELTID	TEMP-C	OXY-ml	SALT	SIGMA
6	.1	25.0	.410	-99.000	14.693	11.743
7	.4	30.0	.530	-99.000	19.022	15.225
8	.6	35.0	1.190	-99.000	19.916	15.933
9	.8	40.0	1.810	-99.000	20.865	16.676
10	1.2	45.0	2.550	-99.000	21.478	17.137
11	1.6	50.0	3.020	-99.000	21.461	17.102
12	1.9	55.0	3.130	-99.000	21.507	17.133
13	2.6	60.0	3.180	-99.000	21.804	17.370
14	3.3	65.0	3.370	-99.000	21.945	17.475
15	3.7	70.0	3.340	-99.000	21.831	17.388
16	4.0	75.0	3.340	-99.000	22.249	17.721
17	4.7	80.0	3.510	-99.000	22.246	17.712
18	5.4	85.0	3.580	-99.000	22.521	17.929
19	6.1	90.0	3.870	-99.000	22.687	18.045
20	6.6	95.0	4.140	-99.000	22.839	18.149
21	7.1	100.0	4.390	-99.000	22.958	18.227
22	7.9	105.0	4.750	-99.000	23.471	18.608
23	8.7	110.0	5.500	-99.000	23.800	18.806
24	9.7	115.0	6.050	-99.000	23.911	18.845
25	10.9	120.0	6.520	-99.000	24.439	19.217
26	12.0	125.0	7.200	-99.000	24.643	19.306
27	12.8	130.0	7.600	-99.000	24.649	19.267
28	13.4	135.0	7.800	-99.000	24.774	19.343
29	13.6	140.0	7.880	-99.000	24.704	19.279
30	14.1	145.0	8.010	-99.000	24.871	19.396
31	14.8	150.0	8.210	-99.000	25.025	19.494
32	15.2	155.0	8.350	-99.000	25.098	19.535
33	16.2	160.0	8.540	-99.000	25.105	19.520
34	17.0	165.0	8.640	-99.000	25.161	19.554
35	17.9	170.0	8.650	-99.000	25.150	19.548
36	18.5	175.0	8.670	-99.000	25.169	19.563
37	18.8	180.0	8.680	-99.000	25.183	19.574
38	19.8	185.0	8.720	-99.000	25.183	19.573
39	20.8	190.0	8.700	-99.000	25.175	19.574
40	21.5	195.0	8.700	-99.000	25.215	19.609
41	22.5	200.0	8.710	-99.000	25.236	19.629
42	23.9	205.0	8.690	-99.000	25.216	19.622
43	24.9	210.0	8.660	-99.000	25.229	19.641
44	25.9	215.0	8.640	-99.000	25.229	19.648
45	26.8	220.0	8.620	-99.000	25.225	19.652
46	27.3	225.0	8.610	-99.000	25.235	19.663
47	27.6	230.0	8.610	-99.000	25.243	19.671
48	28.4	235.0	8.600	-99.000	25.234	19.669



Norsk institutt for vannforskning

Postboks 173 Kjelsås, 0411 Oslo

Telefon: 22 18 51 00 Fax: 22 18 52 00

ISBN 82-577-2493-9